

Plan når barn har behov for ekstra støtte i overgangen mellom barnhage, SFO og skule

«Barnehagen og skolen skal tilpasse det pedagogiske tilbudet etter barn og elevers behov og forutsetninger, både når de har behov for ekstra støtte i kortere perioder og når tilretteleggingsbehovet er varig. Barna eller elevene som trenger ekstra støtte må tidlig få den pedagogiske, fysiske, tekniske og sosiale tilretteleggingen som er nødvendig for å gi et inkluderende og likeverdig tilbud» (Udir, 2024)

«I god tid før barnet skal begynne på skolen, bør kommunen planlegge overgangen fra barnehage til skole, slik at den blir best mulig for barnet» (Udir, 2024)

Viktige moment for å lykkest med tilpassing og tilrettelegging:

- Tilpassing og tilrettelegging skal vere knytt til barnet/eleven sine behov og føresetnader.
- Barnet/eleven skal medverke og deira perspektiv skal leggest til grunn for tilpassinga og tilrettelegginga.
- Styrar/rektor har ansvar for at barnehage og skule har kompetanse i relasjonsbygging.
- Kontaktlærar/barnehagelærar har ansvar for at det vert bygd relasjon mellom barnet/eleven og alle vaksne eleven skal omgåast.
- Ansaret for relasjonsbygging ligg hjå den vaksne.
- Tilpassing og tilrettelegging bør vere del av kortsiktig og langsiktig planleggingsarbeid, skal vurderast undervegs og justerast i tråd med barnet/eleven sine behov og utvikling.

Fire kategoriar av tilrettelegging:

1. **pedagogisk tilrettelegging**
2. **fysisk tilrettelegging**
3. **teknisk tilrettelegging**
4. **sosial tilrettelegging**

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/tilrettelegging-for-barn-og-elever-med-behov-for-ekstra-stotte/#a179860>

PPT, Statped, NAV, skulehelseteneste, fastlege, BUP, barnevern, HABU, sjukehusavdelingar, osv. Overføring av informasjon innanfor reglane om teieplikt, personopplysning, opplysningsrett og opplysningsplikt.

Bruk samtykkeskjema i BTI portalen <https://www.volda.kommune.no/bti/>

Dette gjer barnehagen	Dette gjer skulen	Dette gjer SFO
Jamnleg dialog med foreldre om barnet sine behov, støtte og oppfølging i barnehagen og behov for tilpassing og tilrettelegging på skulen og SFO Barnet sitt perspektiv og oppleving skal vektleggast. Barnehagen tek kontakt med skulen og evt.SFO i god tid (inntil 2 år i førevege) slik at skulen har tid, og ressurser og kan legge til rette miljøet utifrå barnet sine behov (sjå fire kategoriar for tilrettelegging)	Delta og medverke på overgangsmøte. Formidle skriftleg informasjon til kontaktlærer og SFO leiar. Skulen og SFO skal i dialog med foreldre legge til rette miljøet i skulen utifrå barnet sine behov	Delta og medverrkle på overgangsmøte. Førebye tilsette og legge til rette miljøet utifrå barnet sine behov i SFO.
Skriftleg informasjon til skulen så tidleg som nødvendig utifrå behov for tilrettelegging	Bygg trygge relasjonar opplæring til alle tilsette	Bygg trygge relasjonar Opplæring til alle tilsette
Barnehagen innhenter samtykke frå foreldre om overføring av skriftleg informasjon til skule og SFO gjennom Informert samtykke.	Hospitere i barnehagen våren før skulestart for å bli kjend med barnet i eit trygt miljø (dersom det er behov for det)	Invitere barn og foreldre på besøk. Kontinuitet utifrå barnet sine behov.
Overgangsmøte mellom foreldre, barnehage, skule, skulehelseteneste og SFO for å planlegge overgangen så tidleg som	Legge til rette for trygg tilknytning, inkludering og positiv utvikling utifrå barnet sine ressurser og behov. Dialog om fordeling og bruk av ressursar i skule og SFO til barnets beste.	

nødvendig utofrå behova. Skriftleg referat til alle partar i barnet sin tilretteleggingsmappe i Vigilo	
Barnet har behov for å bli kjend med dei nye miljøa: Dialog mellom foreldre, skule og SFO om besøk til skulen og SFO ilag med barnet og evt foreldre slik at barnet kan gjere seg kjend med miljøet og vere trygg. Viktig med fleire besøk.	
Barnet som har IP: Tiltaka og samarbeidet med foreldre og andre tenester skal vidareførast jamfør barnet si utvikling. Utifrå barnet sine behov skal skule og SFO kontaktast så tidleg som nødvendig for å kunne førebue seg til å ta imot barnet. Nokre barn får også spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.	
Barnet har spesialpedagogisk hjelp i barnehagen: I utgangspunktet vert spesialped.hjelp avslutta i barnehagen. Dersom foreldre meiner det er behov for vidare oppfølging i skulen skal foreldre og Barnehagen overfører informasjon og planar til skule og SFO med samtykke frå foreldre. Overgang for barn som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning -overgangen mellom barnehage og skule https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/overganger-spesialpedagogisk-hjelp-spesialundervisning/Overgangen-mellom-barnehage-og-skole/ https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/Fase-6/	
Det kan vere behov for eit evalueringsmøte mellom kontaktlærer og pedagogisk leiar innanfor første halvår i skulen, gjerne saman med foreldre, om korleis overgangen har gått.	

Arbeidsgruppe:

Arne Sivertstøl; Øyra skule, Ruxandra Raudøy; Koordinator støttetiltak, Pernille Drabløs; skulehelseteneste, Christel Olsen Aam; Bratteberg SFO, Evy Ulvestad, repr. oppvekst

Kjelder:

Barnehagelova. (2005). *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.
<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>

Kunnskapsdepartementet. (2024). Veileder: *Frå eldst til yngst*

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf>

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-1998-07-17-61).

Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61>

Utdanningsdirektoratet. (2024). *Læring og trivsel*

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/spesialpedagogikk/tilrettelegging-for-barn-og-elever-med-behov-for-ekstra-stotte/>